

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 13.05.2016
Tidspunkt: 10:00-10.30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Kvalen	Leiar
Sven Flo	Nestleiar
Einar Målsnes	MEDL
Karen Marie Hjelmseter	MEDL
Oddmund Klakegg	MEDL
Marius Dalin	MEDL
Venke Kollbotn*	MEDL

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon
Eline Orheim	MEDL

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for
Jarle Aarvoll	Eline Orheim

Merknadar

*Grunna kort frist i innkallinga, var Venke Kollbotn med på møtet via e-postkorrespondanse.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar/sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

_____ Ivar Kvalen _____ Marius Dalin _____

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 15/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 17/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterflyging i samband med innspeling av skifilm på utvalte fjelltoppar - Visit Nordfjord/Switchback entertainment		2016/1776
ST 18/16	Eventuelt		

ST 15/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2016

Handsaming i møte

Ingen merknadar til dagsorden. Under diskusjonen i styresak 17/16 var styret samde i at innkallinga kom på kort varsel, men godkjente innkallinga. Sjå meir utfyllande merknadar under sak 17/16.

ST 16/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2016

Handsaming i møte

Ivar Kvalen føreslo Marius Dalin til å underskrive protokollen, i lag med styreleiar.

Vedtak

Marius Dalin vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet, i lag med leiar. Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller har merknadar, og e-postane blir deira «underskrift» og vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte.

Samrøystes vedteke.

ST 17/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterflyging i samband med innspeling av skifilm på utvalte fjelltoppar - Visit Nordfjord/Switchback entertainment

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2016

Handsaming i møte

Nasjonalparkforvaltaren viste til dialog med søkjar, samt leiar og nestleiar i nasjonalparkstyret, som bakgrunn for den korte fristen for møtet. Nestleiar Sven Flo forklarte kvifor han ønskja denne saka handsama på så kort varsel, og takka styret/ sekretariatet for fleksibiliteten.

Styret oppsummerte at Jostedalsbreen nasjonalpark er veldig serviceinnstilt, har handsama saker med korte tidsfristar før, og at ein kan vente seg fleire slike saker i åra framover. Styret vil likevel understreke at søkjarar ikkje alltid kan forvente slik handsaming, særleg i travle periodar. Som hovudregel bør vanlege prosedyrar for sakshandsaming følgjast.

Forslag frå styremedlem Einar Målsnes:

Framlegget blir vedteke, som i innstillinga, men med eit tillegg i siste setning av vedtaket (tillegget er understreka her for å synleggjere det) :

Nasjonalparkstyret ønskjer likevel aktørar velkommen til nasjonalparken for å filme, men då med ein driftsmetode som ikkje involverer motorisert ferdsle i verneområdet.

Forvaltars innstilling, med tillegg føreslege frå Einar Målsnes, vart vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med sju mot ei stemme. Nestleiar Sven Flo stemte i mot framlegget.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Visit Nordfjord v/ Ann-Helen Blakset avslag på sin søknad på vegner av Switchback Entertainment om å bruke helikopter til lågtflyging og landing for filmproduksjon av Salomon Freeski TV, skifilm, på fjelltoppane Geitafjellhyrna, Storskredfjellet, Stryneskåla, Skåla, Tungefjellet, Skålefjellet og Lodalskåpa i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon fordi flyginga strid imot føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark. Lågtflyging og landing på dei nemnte fjelltoppane kan skape presedens for liknande filminnspelningar, og uthole verneforskrifta gjennom dispensasjonspraksisen i verneområdet.

Nasjonalparkstyret ønskjer likevel aktørar velkommen til nasjonalparken for å filme, men då med ein driftsmetode som ikkje involverer motorisert ferdsle i verneområdet.

ST 18/16 Eventuelt

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2016

Handsaming i møte

Spørsmål kring Norsk Bremuseum sitt 25-årsjubileum må rettast til Norsk Bremuseum v/ dagleg leiar John Brekke.